



S E N T R U M

Fylkestingsvalprogram

Partiet Sentrum Vestland
2023-2027

Vedtatt på årsmøte i Partiet Sentrum Vestland 18.02.23

INNHALDSLISTE

1. I lag for Vestland.....	3
2. Eit inkluderande Vestland	3
3. Klima og natur	4
4. Grøn framkommeleg heit og smart mobilitet.....	5
4.1 Veg.....	5
4.2 Kollektiv	6
4.3 Sjø.....	6
4.4 Luftfart	6
4.5 Digitalt	6
5. Folkehelse i Vestland	7
6. Utdanning i Vestland	8
6.1 Vidaregåande opplæring.....	8
6.2 Fagskulen.....	9
6.3 Vaksenopplæring i skule	9
7. Tannhelse i Vestland	10
7. Internasjonalisering	10
9. Ein bærekraftig areal- og næringspolitikk	11
10. Vestland - eit fyrtårn for kultur og fritid.	12

1. I lag for Vestland

Partiet Sentrum sitt verdigrunnlag kan oppsummerast opp i ein setning: Vi har alle fått livet i gåve – og jorda til låns. Målet vårt er å skape eit meir rettferdig samfunn, med plass til alle. Vårt politiske arbeid bygger på menneskerettane og den moderne tanken om bærekraftige løysingar i samfunnet.

Menneske er mangfaldige og alle har noko å bidra med. Samfunnet må bygge på styrken i at vi er ulike, at vi har ulike evner og eigenskapar.

Partiet Sentrum Vestland vil jobbe for å sikre gode samfunnsordningar samtidig som vi heier fram private initiativ. Berre gjennom aktiv samskaping får vi sikra eit godt velferdssamfunn i framtida. Vi må skape eit samfunn med små sosiale forskjellar der ingen fell utanfor og det er arbeid for alle.

Vi har ei klima og naturkrise som krev handling. Vi trur på at det er mulig å kombinere ein aktiv klimapolitikk som reduserer fotavtrykket vårt, som reduserer tap av natur- og artsmangfald og samtidig kan gi oss ei bærekraftig utvikling.

2. Eit inkluderande Vestland

Vestland skal vere i front i å skape eit inkluderande samfunn og gjennom aktiv politikk skal Vestland skape den beste inkluderingsarenaen i Norge.

Sosialt fellesskap er ei viktig ramme for læring og utvikling, enten ein er liten eller stor. Å vere utanfor samfunnet, uansett grunn gir store omkostningar for den enkelte og for samfunnet generelt.

Alle har rett til å delta i samfunnslivet ut i fra føresetnadene kvar og ein har. Fylkeskommunen må spele på lag med innbyggjarane, med kommunane og med andre aktørar for å skape gode inkluderingsarenaer i Vestland. Ei vellukka inkludering er ein viktig del av lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Alle innbyggjarane er med å forme lokalsamfunnet dei bur i.

Frivillige lag og organisasjonar er limet i samfunnet og kvart år blir det gjort eit godt frivillig arbeid i bygd og by. Desse er og ein stor inkluderingsarena. Vestland fylke skal spele på lag med alle gode krefter for å få eit inkluderande lokalmiljø.

Alle som veks opp eller kjem til landet får på ein eller anna måte eit møte med vidaregåande opplæring på veg inn i arbeidslivet. På fleire felt må inkludering styrkast slik at færre fell utanfor arbeidslivet og vi må jobbe for å få alle inn i ein meningsfull kvardag.

Gjennom eit tett samarbeid mellom partane i arbeidslivet sikrar ein både samfunnet og den enkelte kandidat naudsynt kompetanse, og gjennom dette gode og meningsfulle liv med aktiv deltaking i yrkeslivet. Ei viktig erfaring er at ein tidleg i elev-løpet har eit tett samspel mellom kommunane/lærebedrift, skule, og opplæringskontor både for å planleggje, kvalitetssikre opplæringa, skape forståing, jobbe med samanheng mellom teori og praksis, og sørge for at kandidatane er best mogeleg rusta til både læretid og det å ta fagbrev.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Ha fleire lære plassar i fylkeskommunal regi.
- Sikre ein nullvisjon mot ufrivillig frafall i vidaregåande opplæring
- Vere pådrivar for samskaping mellom ulike offentlege instansar som sikrar eit godt utdanningsløp for vaksne med og utan minoritetspråkleg bakgrunn etter inspirasjon fra Gloppen-modellen.
- Vidareutvikle samskappingsmodellar med frivillige organisasjonar for å styrke integrering og inkludering lokalt og regionalt.
- Fylket skal jobbe for at papirlause skal få rett til å kunne jobbe, ta utdanning og få nødvendig helsehjelp mens dei er i Norge.

3. Klima og natur

Verda har to store utfordringar som også Vestland må jobbe aktivt med; det er bruken av naturen som påverkar klimaet og klimaendringane som påverkar naturen. Ein velfungerande natur i god tilstand kan hjelpe oss å takle klimaendringane og bevaring av biologisk mangfald. Urørt natur har en verdi i seg sjølv. Partiet Sentrum skal på alle områder der fylkeskommunen har ansvar ha ein offensiv klima- og miljøpolitikk og ein nyskapande, grønn energipolitikk. Fylkeskommunen skal satse på fornybare energikilder.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Redusere utsleppet av klimagassar slik at dei nasjonale måla på minst 55 prosent innan 2030 blir nådd (i forhold til 1990-tal).
- Redusere arealbruksendringar som fører til nedbygging av skog og myr og anna urørt natur.
- Fylkeskommunen sitt bygg skal i størst mogleg grad forsyne seg sjølv med lokale energikilder slik som solcellepanel o.l. Der det ikkje er mogleg skal ein sette i gang energibesparande tiltak slik som varmpumper og liknande.

- Straum er ein knappheitsfaktor i Norge og i Europa. Vi må ta vårt ansvar for å sikre energibalanse nasjonalt og internasjonalt gjennom ein skånsam utbygging av vatn, sol, vindenergi samt jobbe for nye energiløysingar.
- Arbeide for aktiv bruk av vern på land og hav.

4. Grøn framkommelegheit og smart mobilitet

God kommunikasjon er nøkkelen for å oppretthalde og vidareutvikle busetnad og næringsliv i Vestland. Vestland har store ambisjonar om nullutslepp og nullvekst i biltrafikken.

Politikken må utformast for å nå desse måla. Vestland har store utfordringar i å sikre god og trygg veg for alle og rassikring og trafikktryggleik vil bli høgt prioritert i Partiet Sentrum Vestland.

I Vestland har vi mange gode eksempel på at bustad og arbeidsplass ikkje er på same plass. Det å vere kobla til eit raskt nett gir store moglegheiter for å kunne bu i distrikta og jobbe i sentrale strøk. Det å sikre gode vegar, godt kollektiv tilbod og breiband til alle vil gjere det meir attraktivt å bu i mindre sentrale strøk.

- Alle tilbod skal ha universell utforming som sikrar lik tilgang til tilbodet.
- Alle større veg- og kollektivprosjekt må i større grad ta omsyn til naturen ved utbygging.

4.1 Veg

Prioriteringane framover må rettast mot trafiksikre vegar, rassikring og eit større fokus på dei mjuke trafikantane. Partiet Sentrum Vestland vil jobbe for ein nedskalert versjon av ferjefri E39 og samtidig fokusere på å sikre gode vegar mellom ferjene og sikre god finansiering av opprusting av fylkesvegane.

Bergen er Vestlandet sin hovudstad og ein må gjennom partnerskap mellom kommune, fylke og stat sikre utbygginga av bybana, vidareutvikle kollektivtilbodet og oppruste nødvendige flaskehalsar slik at kommunikasjonen internt, og inn og ut av Bergen blir betre.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Auke rassikringspotten til fylkeskommunen.
- At fleire fylkesvegane får auka standard gjennom å utbetre utsette punkt av vegane.
- Sikre bygging av den trafikkfarlege strekninga Bergen - Voss etter K-5 alternativet.
- Støtte innføring av veg prising som er meir rettferdig enn dagens bompengesystem.

- Legge til rette for eit betre ladenett til el-bilar i Vestland.
- At gang og sykkelveggar blir eit fullgodt alternativ til å ta bilen og for å sikre dei mjuke trafikantane.
- Jobbe for ein betre koordinering av vedlikehald og drift av fylkeskryssande vegar.

4.2 Kollektiv

- Sikre ei moderne og raskare jernbane mellom Bergen og Oslo.
- Vestland fylkeskommune skal aktivt støtte arbeidet for realisering av høgfartsbane mellom dei største befolkningssentra i Sør-Norge.
- Sikre realisering av jernbanetrase etter alternativ K-5 mellom Bergen og Voss.
- Sikre eit godt kollektivt tilbod som er med å redusere biltrafikken i Bergen.
- Samarbeide med drosjenæringa for å gi eit relevant tilbod der anna kollektivt tilbod vanskeleg lar seg realisere.
- Redusere kollektivsatsane slik at kollektivtilbodet blir det føretrekte alternativet.
- Harmonisere takstane i Vestland og få samordna billettsystem mellom båt, buss og tog.
- Styrke ordninga med tilrettelagt transport (TT-kort).

4.3 Sjø

- Utvikle god logistikk slik at varer på sjø blir eit betre alternativ enn å frakte gods langs landevegen.
- Jobbe for at farleden på kysten blir utbetra slik at ferdselen kan skje på ein trygg og god måte.
- Jobbe for å kommersialisere nullutslepp teknologi som gir sjøfarten klimanøytral og kommersielt lønnsamt.
- Støtte opp under og få ein samla plan for miljøvenlege tiltak på hamnene i Vestland.

4.4 Luftfart

Stimulere til ny teknologi som vil redusere utslepp fra flytrafikken, sikre dagens flyplasstruktur og eit godt og rimeleg tilbod i Vestland.

4.5 Digitalt

Vestland skal ha 100 % dekning av fiber eller anna teknologi som gir alle eit likeverdige tilbod.

5. Folkehelse i Vestland

Partiet Sentrum Vestland har som mål å vidareføre og vidareutvikle det arbeidet som ligg til grunn i Handlingsprogram for folkehelse Vestland 2022 - 2025.

Handlingsprogrammet fokuserer på:

- kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- sosial ulikskap i helse
- gode, trygge og deltakande nærmiljø/lokalsamfunn
- dei demografiske endringane i Vestland og ei aldrande befolkning
- barn og unge – livskvalitet og psykisk helse

Desse prioriterte innsatsområda er heilt i tråd med Partiet Sentrum Vestland sine verdival vedrørende folkehelsearbeid. Med vår politikk kan vi bidra til å betre den Vestlandske folkehelsa ytterlegare. Vårt mål er å skape eit meir rettferdig samfunn, med plass til alle. Og med kunnskap og førebygging vil ein kunne yte kostnadseffektive tiltak til det beste for enkeltindividet, for samfunnet og for folkehelsa.

Folkehelselova byggjer på fem grunnleggande prinsipp for folkehelsearbeidet;

- prinsipp om å utjamne sosiale helseskilnader,
- "helse i alt vi gjer" (Health in All Policies),
- bærekraftig utvikling,
- føre-var prinsippet
- medverking.

Det er lovpålagt at fylkeskommunen skal ha oversikt over helsetilstanden til befolkninga i sitt fylke og dei faktorar som påverkar helsetilstanden. Fylkeskommunen har difor eit viktig samfunnsoppdrag i å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande samfunnsutvikling i heile fylket.

Partiet Sentrum skal vere eit friskt pust i norsk politikk som er klar for å mobilisere og å følgje opp desse grunnleggande prinsippa til det beste for deg, ditt lokal samfunn og ditt fylke.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Prioritere psykisk helsefremjande og livsmeistrande tiltak i vidaregåande opplæring med lågterskeltilbod.

- Styrke samarbeid mellom fylkeskommunale tilbod, spesialisthelsetenesta og kommunale tilbod for å gi ungdom eit fullverdig og godt tilbod lokalt.
- Styrke helsesjukepleietenesta for ungdom i vidaregåande opplæring.
- Prioritere dei breie befolkningsretta tiltaka som inkluderande frivillig sektor.
- Prioritere tiltak med føre-var prinsipp

6. Utdanning i Vestland

Alle menneske har lik rett til utvikling og utdanning. Vi som samfunn må sørge for at alle kan erfare meistring, livshåp og få mot til å gå ut i skule og arbeidsliv. Til dette trengs det eit godt lag rundt elevane, der skuleleiing, lærarar og helsetenesta samarbeider til det beste for eleven. Tidleg innsats vil lønne seg. Kostnadene med å bli satt utanfor utdanning, arbeid og opplæring er langt større enn å forebygge. Det skal vere eit mål at alle fullfører vidaregåande opplæring. Utdanning er ein rett ein har, og Partiet Sentrum Vestland ynskjer å ivareta eit desentraliserte utdanningstilbod som sikrar eit tilbod nært der ein bur.

Partiet Sentrum Vestland vil arbeide for at Vestland fylkeskommune, som medlem i KS, skal arbeide for at dei i framtida skal prioritere å gjere læraryrket meir attraktivt, også gjennom lønnsoppgjera.

6.1 Vidaregåande opplæring

Partiet Sentrum Vestland ynskjer ein sterk offentleg skule, som saman med private ideelle tilbod giv ein god skule for elevane.

Partiet Sentrum Vestland ynskjer å:

- Auke kontaktlærarressurs for å sikre ein god oppfølging av elevane og god kontakt med heimen.
- Styrke rådgjevingstenesta i vidaregåande skule for å veilede ungdommar inn i utdanningar samfunnet treng
- Formalisere samarbeidet i overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule for å forhindre feilvalg av utdanningsforløp
- Styrke samarbeidet mellom skule og næringsliv med tanke på innovasjon og entreprenørskap
- Styrke tilgangen til lærlingplassar
- Styrke yrkesfaga og yrkesfagleg retning for å sikre at fleire får plass på ønska utdanningsprogram
- Styrke Oppfølgingstenesta (OT) og Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

- Oppretthalde fokuset på arbeid mot mobbing i den vidaregåande skule og for lærlingar
- Ha fleire helsesjukepleiarar i skulen for å fange opp dagens utfordringsbilde og behov ved å bidra økonomisk til kommunane.
- Styrke opplæring i psykisk helsevett og psykisk førstehjelp
- Innføre sjølvordforebyggande program i skulen
- Styrke forebyggande arbeid for barn og unge som står i fare for å oppleve et vedvarande utanforskap

6.2 Fagskulen

Norge treng i dag og kompetanse i næringslivet og denne utviklinga vil også vere høg i framtida. Fagskulen giv i dag eit godt tilbod som det offentlege og næringslivet etterspør. Partiet Sentrum Vestland vil sikre ei fortsett god utvikling av fagskulen som svarar til dei behov som ligg.

6.3 Vaksenopplæring i skule

Fylket har fått eit ansvar fra Stortinget om å gi alle i aldersgruppa 16-24 år ein moglegheit til å oppnå yrkeskompetanse, studiekompetanse eller planlagt grunnkompetanse. I tillegg er det fylkeskommunen sitt ansvar å gi vaksne moglegheit til å kvalifisere seg. Partiet Sentrum Vestland ønsker ein fylkeskommune som gir fleksibelt utdanningsløp for vaksne og for ungdom. På denne måten sikrar ein at fleire fullfører utdanninga si og oppdaterer kompetansen undervegs i yrkeslivet. Utanforskap i arbeidslivet blant unge heng saman med utdanningsnivå. Unge utan fullført vidaregåande skule og innvandrarar utgjør ein klart større andel enn dei med fullført vidaregåande - eller universitetsutdanning. Å styrke vaksenopplæringa i fylket og Fagskulen Vestland er ein føresetnad for å lykkast.

Slik det er i dag så blir søkinga til Vaksenopplæringa styrt av tilbodet som skolane kan gi, og ikkje til behovet som samfunnet har. Det er for få plassar i yrkesfagleg Vaksenopplæring. Partiet Sentrum Vestland ynskjer at fleire vaksne skal kunne ta yrkesfagleg Vaksenopplæring, både dei med praksis og dei som manglar praksis. Deltakarar i Vaksenopplæringa har ikkje rett til spesialundervisning, og det er få tilretteleggingstiltak for denne elevgruppa. Deltakarane må gjerast i stand til å kunne fullføre ei utdanning.

Å styrke vaksenopplæringa i fylket og Fagskulen Vestland er ein føresetnad for å lykkast.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Vidareutvikle fylket sine nettbaserte opplæringstilbud og satse meir på god nettpedagogikk. Dette er for mange den einaste moglegheita for tilgang til utdanning.
- Styrke den yrkesfaglege voksenopplæringa ved å gi full yrkesfagleg utdanning.
- Tilby fleire fag i Vaksenopplæringa slik at dei som treng det får spesialstudiekompetanse
- Styrking av grunnleggande ferdigheiter hos vaksne før dei skal kvalifisere seg i faga
- **Behovet til næringslivet og behov for arbeidskraft må være styrande for tilbodet som blir gitt i Vaksenopplæringa**

7. Tannhelse i Vestland

Innbyggjarane i Vestland skal ha ei god og sikker tannhelsetenesta nær folket og arbeidsplassane skal vere prega av fagleg kvalitet og skal ha tilstrekkeleg ressursar for å løyse dei oppgåvene og utfordringane som er i målgruppa.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Jobbe for å få til desentraliserte tilbod som gjer at innbyggjarane slepp lang reiseveg for å få behandling.
- Jobbe for at tannhelse blir likestilt økonomisk med anna helseteneste.
- Jobbe med haldningsskapande og kunnskapsgevande tiltak for å redusere kosmetisk press blant barn og unge.
- Sikre nok kompetanse fagleg og administrativt slik at oppgåvene kan løysast på best mogleg måte.

8. Internasjonalisering

Vestlandet har alltid sett utover og har gjennom hundrevis av år utvikla handel og kulturutveksling som har styrka vår region på mange måtar.

Internasjonalt samarbeid er viktig for å styrke næringsliv og utdanning i Vestland.

Vestland har ein handlingsplan for internasjonalisering for perioden 2020-2024. Vi ønskjer å vidareføre dette arbeidet med å konkretisere planane i en ny plan for 2024-2028.

Vestland har eit eige EU kontor i Brussel som bør styrkast med tanke på breiare deltaking fra dei vidaregåande skulane.

EU har betydelege midlar for utveksling og utvikling av samarbeid mellom dei ulike europeiske landa. Både næring, kultur, fritidsorganisasjonar, idrett og vidaregåande skular bør ein stimulere til å delta meir i slike prosjekter.

Det er viktig at Vestland styrker det internasjonale samarbeid mellom skular og skuleelevar i heile Europa. HK-dir sin avdeling for internasjonalt samarbeid er lokalisert i Vestland. Ei styrking av internasjonalt samarbeid vil kunne hjelpe skulane med søknader om midlar i EU systemet til utveksling av elevar, lærarar og deling av kunnskap med heile Europa.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Støtte dei vidaregåande skulane og kulturinstitusjonane si evne til internasjonalisering
- Gi frivillig arbeid og idrettsarbeid i fylket betre rammebetingelsar for internasjonalt samarbeid.
- Auke ressursane til opplæring av skuleleiarar i Vestland i internasjonalt arbeid.
- Marknadsføre og legge tilrette for at næringslivet ser moglegheitene i eit internasjonalt samarbeid når det gjeld import og eksport.

9. Ein bærekraftig areal- og næringspolitikk

Vestland sitt næringsliv er variert og vi er svært langt framme på mange område. I Vestlandet har vi ein kreativ gründerkultur som har tilført regionen mange nye arbeidsplassar og skapt store ringverknadar. Næringslivet har opp gjennom historia stått overfor utfordringar som har skapt endring. Arbeidsplassar har blitt lagt ned, nye arbeidsplassar har blitt skapte. At vi i dag står overfor ei klimakrise er det utfordringar som næringslivet allereie har tatt fatt i og vi ser framvekst av grønne næringar som berre for nokre få år sidan var utenkelege.

Vestland er langt framme i teknologiutvikling og denne utviklinga må intensiverast slik samfunnet blir meir bærekraftig. Partiet Sentrum Vestland vil jobbe for å vidareutvikle det forpliktande samarbeid mellom ulike offentlege og private aktørar for å sikre at arbeidet med grøn omstilling i Vestland skapar nye moglegheiter og nye næringar.

Natur og artsmangfald er i dag trua og vi må ta vare på naturen og artsmangfaldet i Norge gjennom å redusere inngrepa i naturen. I framtida må vi jobbe mot å få inn arealnøytralitetsprinsippet i samfunnet.

Turistnæringa er ei stor næring i Vestland, som gir mange gode arbeidsplassar og skapar mange positive ringverknadar i lokalsamfunna i Vestland. Likevel er det mange utfordringar i denne næringa som ein må ta tak i. Særskilt handlar dette om slitasje og nedbygging av sårbar natur, men og globalt står turistnæringa for ein stor del av det totale utsleppet av klimagassar dersom ein tar med all transport av menneske.

Gjennom utbygging av areal for næring, bustad og fritidsformål tapar naturen.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- At FN sine 17 bærekraftsmål skal inn i alle planar som blir laga og dei må få større relevans i den aktive politikken.
- At Vestland fylkeskommune også gjennom aktiv planarbeid må redusere tap av sårbar natur for dermed å sikre betre ivaretaking av artsmangfaldet.
- Sikre at ein aktiv næringspolitikk må sikre at nye arbeidsplassar blir skapt innanfor grøn sektor der framtida sine arbeidsplassar ligg.
- Jobbe for ein arealnøytral politikk som sikrar urørt natur i forhold til utbygging. Særskilt vere restriktiv til nye områder for fritidsutbygging.
- At vi må ta vårt ansvar for å sikre energibalanse nasjonalt og internasjonalt gjennom ein skånsam utbygging av vatn, sol og vindenergi, samt jobbe for nye energiløysingar. Fylkeskommunen skal gjennom partnerskap med næringslivet plassere Vestland lengst framme i utvikling av ny teknologi.
- At fylkeskommunen skal gjennom partnerskap med næringslivet plassere Vestland lengst framme i utvikling av ny teknologi.
- Jobbe for at turistskatt blir innført som ei nasjonal ordning der desse inntektene blir øyremerka tilrettelegging av infrastruktur for turismen som reduserer slitasje i naturen og reduserer utsleppa.
- Jobbe for at alle hamnene har same regelverk med krav om miljøteknologi ombord i båtane.

10.Vestland - eit fyrtårn for kultur og fritid

Kultur, idrett og frivilligheit har ei unik kraft til å kunne inspirere, begeistre, skape tilhøyr, identitet og er med på å førebygge utanforskap. Å investere i kultur er å investere i menneske og i framtid. Å satse på kultur er å bidra til samfunnsbygging og til å styrke demokratiet.

Partiet Sentrum Vestland ønskjer å bli kjent med, ta vare på og vidareutvikle Vestland sitt rike og mangfaldige kulturliv. Vestland skal være eit leiande kulturfylke med satsing både på toppnivå og breiddenivå innan kultur og idrett.

Partiet Sentrum Vestland er opptatt av eit kulturliv som rommar frivillige lag og organisasjonar, idrett og friluftsliv, profesjonelt og frivillig kunst- og kulturliv, institusjonar og verksemder. Vi vil jobbe for at det rike kulturlivet gir rom for eit endå breiare mangfald.

Frivilligheita har lange tradisjonar i Norge og står ekstra sterkt i Vestland. Frivilligheita skapar aktivitet, gir tilhøyrighet, den inkluderer og er ein arena der alle slepp til. Her er alle er velkomne og likeverdige. Partiet Sentrum Vestland ønskjer at frivilligheita og organisasjonar skal få forutsigbare rammebetingelsar og minst mogeleg byråkrati, så ein får meir tid til dei verdifulle aktivitetane.

Partiet Sentrum Vestland vil:

- Legge til rette for alle skal kunne delta i kultur, idrett og frivilligheit uavhengig av: økonomi, sosial status, alder, kjønn, kjønnsuttrykk, seksuell legning, kulturell, religiøs og etnisk bakgrunn.
- Stimulere til fysisk aktivitet gjennom å bygge ut nærmiljøanlegg, turløyper og utandørs treningsanlegg som er tilgjengelege for alle.
- Legge til rette for eigenorganisert idrett, blant anna ved å etablere ordningar for at fleirbrukshallar kan brukast til uorganisert idrett og fritidstilbod for born og unge.
- Satse på å vidareutvikling av dataspelkulturen som sjølvstendig kulturuttrykk, kunstform, næring og fritidsaktivitet.
- Legge til rette for at born og unge skal møte trygge, gode rusfrie miljø innan idrett, kunst og kultur.
- Arbeide for at nynorsk framleis skal vere eit levande brukspråk i Noreg.
- Vidareutvikle dei eksisterande fylkeskommunale tiltaka innan kultur, idrett og frivilligheit.
- Grunnlovsfeste allemannsretten.
- Legge til rette for at det finnes koordinatorar i kommune og fylkeskommune som bistår frivillig sektor.